

MØTEREFERAT	PROSJEKT: Selfallet nord bustadfelt	BYGGHERRE: RR Ulvatn Eiendom AS
TYPE MØTE: Avklaringsmøte	NR.: 1	MØTESTED: Rådhuset Radøy kommune
MØTELEDER: Thor-Henrik Fredriksen	REFERENT: Thor-Henrik Fredriksen	DOKUMENTNAVN: 8914-avklmref01

DELTAKERE

NAVN	FIRMA/ENHET	FORK.
Einar Færø	Radøy kommune, Teknisk drift	EF
Tore Rikstad	Radøy kommune, Teknisk drift	TR
Rune Ulvatn	RR Ulvatn Eiendom AS	RU
Thor-Henrik Fredriksen	Haugen VVA AS	THF

KOPI TIL

Mikkel Mundal	Advokatfirma Mikkel Mundal AS	MM
---------------	-------------------------------	----

Nr.	SAK	ANSVAR	FRIST
1	Formål Tekniske planar for nytt veg-, vass- og avlaupsanlegg for bustadfeltet Selfallet nord er innsendt til Radøy kommune – Teknisk drift for godkjennning. Møtet skal avklare detaljer i desse planane og tilknyting til teknisk anlegg bygd i bustadområdet Selfallet.		
2	Orientering Bustadfeltet Selfallet nord er delfelt B24 i reguleringsplanen for bustadområdet Selfallet. Inngått utbyggingsavtale mellom Radøy kommune og Rune Ulvatn gjeld derfor og for nytt bustadfelt. Etter krav i føresetninger for detaljreguleringsplanen Selfallet nord skal VA-rammeplan godkjennast av Radøy kommune før det blir gitt løyve til tiltak innanfor planområdet.		
3	Status teknisk anlegg i Selfallet Arbeidar som ikkje er ferdigstilt: <ul style="list-style-type: none">• Kabelgrøft for fiberkabel• Asfaltering av alle veger 2 tomtar i bustadområdet er ikkje seld. Veg- og VA-anlegget har status som felles privat då dette ikkje er overtatt av Radøy kommune til drift og vedlikehald. Slamavskiljar tömmast i dag av utbyggjar (ein gong kvart år). Kommunen visar til gitt løyve for Selfallet og krev at eksisterande eigedomar innanfor planområdet vert sanert med tilknyting av vatn- og avlaup til nytt leidningsnett. Felles spillvass-/utsleppsleidning frå septiktankar er i dag knyta til spillvassleidning i bustadområdet. Utbyggjar må difor kartleggje status for eigedomane (gnr/bnr): <ul style="list-style-type: none">• 45/156 (Toskavegen nr. 112)• 45/101 (Selfallet nr. 9)• 45/64 (Selfallet nr. 45)	RU RU RU/THF	

Nr.	SAK	ANSVAR	FRIST
	<ul style="list-style-type: none"> • 45/68 (Selfallet nr. 47) • 45/1197 (Selfallet nr. 43) • 45/110 (Selfallet nr. 41) • 45/183 (Selfallet nr. 53) • 45/173 (Selfallet nr. 51) • 45/320 (Selfallet nr. 72) • 45/6 (Urhaugvegen nr. 7) • 45/421 (Urhaugvegen nr. 9) – <i>utskilt fra bnr. 6 etter reguleringsplan vart vedteken</i> <p>Søknad om løyve til å tilkopla bustadar til ny vass- og spillvassleidning må sendast til Radøy kommune.</p> <p>Utskrift av avgiftsregister i kommunen sendast til utbyggjar for å fastslå om eigedomane har privat eller offentleg VA-anlegg.</p> <p>Ingen av eigedomane i bustadområdet har betalt tilknytingsgeyr for vatn og avlaup til Radøy kommune. <i>Dette vil bli krevja inn etter kommunen overtek ansvar for VA-anlegget.</i></p> <p>Dersom tomtekjøparar ikkje er varsla om dette bør det sendast eit informasjonsbrev til grunneigarane.</p> <p>Fram til i dag har utbyggjar dekka kostnader for drift av veg-, vatn- og avlaupsanlegg.</p> <p>Informasjon om dette må inkluderast i kjøpekontraktar med tomtekjøparar i bustadfeltet Selfallet nord.</p> <p>Slamavskiljar er bygd noko <u>større</u> enn endra løyve frå 14. februar 2008 ($84,6 \rightarrow 101.7\text{m}^3$). Slamavskiljar har kapasitet til 85 bueiningar dersom slam tömmast ein gong kvart år eller 157 bueiningar med to gonger kvart år.</p> <p>I dag er 44 bueiningar knyta til slamavskiljar.</p> <p>Ved fullt utbygd Selfallet, inklusiv 16 bueiningar i Selfallet nord, vil 78 bueiningar vere knyta til.</p> <p>Dersom alle eksisterenda bustader innanfor planområdet (11 stk) og reservekapasitet vert knyta til leidningsnettet i Selfallet, vil total bueiningar auka til 99.</p> <p>Det er difor ikkje naudsynt å tömme slamavskiljar to gonger før 7 eldre eigedomar innanfor planområdet er knyta til nytt leidningsnett.</p> <p>4 VVA-anlegg for Selfallet nord</p> <p>Godkjent detaljreguleringsplan stadfest at atkomstvegar i bustadfeltet skal ha status som felles privat veganlegg. Desse skal eiast og driftast av tomtekjøparar.</p> <p>Det same gjeld for vass-, spillvass- og overvassleidning mellom hovudleidningar i vegen Selfallet og fram til kvar tomt.</p> <p>Informasjon om dette må inkluderast i kjøpekontraktar med tomtekjøparar i bustadfeltet Selfallet nord.</p>	RU/THF EF/TR RU/MM RU/MM	

Nr.	SAK	ANSVAR	FRIST
5	<p>Framdrift</p> <p>Så snart godkjennning av tekniske planer er mottatt frå Radøy kommune – Teknisk drift, vil søknad om løyve til tiltak bli sendt til Radøy kommune.</p> <p>Bygging av infrastruktur i bustadfeltet Selfallet nord er planlagt ferdigstilt til våren 2015.</p> <p>Kjøparar er allereie klar til å starte bygging av bustader på nokre av tomtane.</p> <p>Teknisk anlegg i bustadområdet Selfallet vil ferdigstilla etter bustader på alle tomtane er bygd.</p>	THF RU	

Bergen, 22. januar 2015

Thor-Henrik Fredriksen